



SIMULATOR: Ole Nerdal (t.v.) og Alexander Virkesdal synest det var spennande med skyting på datasilulator. (Foto: Jørgen Virkesdal)



JENTER: (Erå venstre) Karoline K. Johansen, Stije Halland, Nina Lovise Høsteland og Alice Nordvang var blant mange jenter som viste fine fakter på skytebanne. (Foto: Jørgen Virkesdal)

Laurdag avvikla Nyborg skyttarlag skytekurs for skyttarar i Sogn Ytre. Mange rekruttar fekk prøva det elektroniske anlegget.

storskyttarar på sikt. I tillegg var det lagt til rette med 15 datamaskiner som dei unge fekk prøve skytesimulator der konsentrasjon, sikting og avtrekkstrening vart utført på spennande vis.

Arrangementsnemnda i Nyborg skyttarlag hadde laga til graut og saft og det vart felles måltid med eit flott sosial ramme mellom to økter. I pausen fekk ungdomane høve til å spele kannonball på sokkelysten i gymnastikkhallen.

Til slutt fekk alle deltakarane kakor og brus og aktivt informasjon om skyttarsamlaget og det frivillige skyttarvesen. Kurset vart avslutta med at alle deltakarane fekk utdelt diplom og fine premiar for gjennomført kurs.

Jørgen Virkesdal

Totalt var det 48 deltakarar av desse 34 i rekrutteringsklassane som følgde kurset. Deltakarane vart delt inn i grupper etter alder og skyteferdigheter. Instruktør Rune Virkesdal stod for eit godt teoretisk opplegg med vekt på tryggleik og skyteteknikk. Lars Magnus Neverdal instruerte i praktisk skyting og skytestillingar. Alle deltakarane fekk høve til personleg rettleiing av skytestillingar gjennom å skyte på Nyborg skyttarlag si flotte elektroniske innandørsbane. Kurset fengde dei mange unge og Sogn Ytre kan kanskje få mange nye



UTAN MAT OG DRIKKE: Det smakte godt med felles laurdagsgraut på skyttekurset på Dalsøyra. Og etterpå vart det kannonballkamp i gymnastikkhallen. (Foto: Jørgen Virkesdal)

